

## MØTEBOK FOR KLAGEUTVALET I VØR

Det vart halde møte i klageutvalet i VØR Onsdag 21.06.17 på Miljøstasjonen.  
Møtet tok til kl. 17.30. Møtet slutta kl. 18.20.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Aslaug Marit Øyehaug, Arne Torvik, Hild Våge, Jostein O. Mo, Pauline Vartdal Vinjevoll og Toril Hasfjord Bjørn Helset møtte ikkje. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka. Jan Henning Egset leia møtet.  
Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Jostein O. Mo og Toril Hasfjord vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.  
Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### **Sak 01-17 Klage på gebyr fritidsbustad 28/16/4-28/16/5-28/16/6-28/49.**

Vedtak. 7 røysteføre.

Klageutvalet har vurdert innkomen klage og dei argument som klagar kjem med, inklusiv tilleggsmærknadene i e-brev den 29 mars 2017.

Klageutvalet finn ikkje å kome klagen i møte. Vedtaket er endeleg og kan ikkje ankast vidare.

Handsaminga

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Aslaug Marit Øyehaug bad om å få sin habilitet vurdert, då ho er tremening med ein av klagarane. Ho gjekk ifrå under handsaming av habiliteten. Aslaug Marit Øyehaug var samrøystes kjend habil, og deltok deretter under handsaming av saka.

### **Klagesak 02-17: Fritidsbustad på 97/3. Klage på vedtak.**

Vedtak. 7 røysteføre.

Klageutvalet for VØR saker har vurdert innkomen klage og dei argument som klagar kjem med.


Klageutvalet for VØR saker finn ikkje å ta klagen til følgje. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

Handsaminga

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 21.06.2017

  
Jan Henning Egset

  
Jostein O. Mo

  
Toril Hasfjord

  
Petter Bjørdal  
sekretær